

Emnerapport for TYS112 – Tyskspråkleg kultur –våren 2015

Nivå: Bachelor

Læringsutbytte/resultat:

Etter fullført emne skal studentane

- kunne forstå kulturhistoriske fagtekstar og ulike estetiske uttrykk og kunne arbeide sjølvstendig med desse
- kunne arbeide sjølvstendig med ulike media for å tileigne seg forståing av den kulturelle utviklinga i Tyskland
- ha grunnleggjande kunnskap om utvalde tema innan tyskspråkleg kultur i perioden frå opplysningstida (1760) fram til i dag
- ha kunnskap om den tyske nasjonsbyggingsprosessen og statsdanninga og særtrekk ved ulike kulturhistoriske periodar
- ha tileigna seg grunnleggjande kunnskapar om bakgrunnen for det moderne tyske samfunnet og den kulturelle utviklinga i Tyskland

Vurderingsformer:

-Vurdering skjedde på grunnlag av ei rettleia skriftleg oppgåve og ein munnleg eksamen (30 min.). Omfanget på heimeeksamenen skulle vere på 1500 ord.

Den munnlege eksamenen var sett saman av ein presentasjon (15 min.) og ein samtale rundt eit pensumrelatert emne (15 min.).

Denne vurderingsforma viste seg å vere komplisert å praktisere, sidan studentane undervisinga skulle fordelast på Bergen (10 veker) og Det norsk-tyske studiesenteret i Kiel. Studentane reiste til Kiel i midten av april, rett etter at dei hadde fått utdelt oppgåvetekstane til den skriftlege heimeoppgåva, som dei skulle levere rett etter at dei kom tilbake i slutten av mai.

På neste programstyremøte vart det difor vedteke å bytte ut den gamle ordninga med ein sju dagars heimeksamen (1500 ord) etter Kiel-opphaldet og ein munnleg eksamen.

Den munnlege eksamenen er sett saman av ein presentasjon (15 min.) og ein samtale rundt eit pensumrelatert emne (15 min.).

Pensum:

-Studentane les eit fellespensum som til saman skal gi ei innføring i den politisk-sosiale og den eststisk-intellektuelle historia til dei tyskspråklege landa.

Våren 2015 var det:

-Gössmann, Wilhelm: *Deutsche Kulturgeschichte im Grundriss*, Düsseldorf: Grupello Verlag 2006, S. 87-200 og

Die Erfindung der Deutschen, Wiegrefe, Klaus Dietmar Pieper [red.], Hamburg: Deutsche Verlags-Anstalt 2007.

Studenttal: 21

Undervisning

Undervisninga omfattar tre dobbelttimar i veka, der den først dobbelttimen er førelsing og seminar om den politisk-sosiale historien i ein epoke, medan den andre dobbelttimen vanlegvis er førelesing og seminar om den estetisk-intellektuelle historien innanfor same epoke. Det var tre ulike førelesarar som delte på undervisninga dette semesteret. I den tredje dobbelttimen vert det lagt opp til at studentane sjølve bidreg med korte innlegg der dei presenterer sentrale hendingar eller estetiske uttrykk frå den aktuelle epoken. Opplegget med studentpresentasjonar fungerte svært godt, noko som også kjem til uttrykk i studentane sine egne evalueringar.

Studentevaluering

Etter initiativ frå tidlegare representant for studentutvalget vart det utført ei studentevaluering av emnet i oktober 2015. Evalueringa skjedde såleis fem månader etter at studentane hadde avlagt eksamen i emnet. Det gjekk ikkje klårt fram om evalueringa også tok omsyn til den undervisninga som vart gitt til studentane under opphaldet med Det norsk-tyske studiesenteret i Kiel. Mellom dei som svarte gav 17% uttrykk for å vere svært nøgde med undervisning og innhald i emnet, 33% var ganske nøgde, 25% korkje eller, medan 25% var

ganske misnøgde eller svært misnøgde. Det er såleis vanskeleg å peike på nokon klar tendens i evalueringa. Men fleire av studentene peika på at pensum ikkje hadde vore optimalt, og dette punktet har vi difor valt å følge opp.

Samla evaluering frå emneansvarleg med forslag til endringar

Som følge av eit generasjonsskifte i undervisningsstaben og at mange av dei fast tilsette vare ute i forskningspermisjon vart emnet gjennomført under krevjande arbeidsforhold med nye førelesarar og utprøving av til dels nytt pensum og undervisningsopplegg. Utsiftinga av pensum skuldast til dels at dei gamle historieverka var gått ut av produksjon. Som det framgår av studentevalueringane, greidde vi ikkje å finne noko fullgod erstatning for desse. Dette opplevde også vi som underviste i emnet, og den eine pensumboken (*Die Erfindung der Deutschen*) er allereie skifta ut med ei meir oversiktleg historisk innføringsbok (*Wege in der Geschichte Deutschlands*). Men heller ikkje den andre av dei gamle pensumbøkene, Gössmanns *Deutsche Kulturgeschichte*, kan seiast å vere noko fullgod løysing og bør på sikt byttast ut. Ein vil også sjå til at det vert gitt meir oversiktleg informasjon ved semesterstart om korleis emnet er lagt opp, ulike frister og om eksamen og innleveringar. Som nevnt under punktet om vurderingsformer har ein også lagt om til ei ny eksamensordning som er lettare å kombinere med Kiel-opphaldet til studentane.

Eksamensresultat:

Av 19 oppmelde kandidatar leverte 18 inn heimeeksamensoppgåva, slik at dei kunne gå opp til munnleg eksamen. Karakterane var fordelte over heile skalaen, men med mange toppkarakterar: A (6); B (1); C (7); D (2); E (2).